

Parentes-variantar for tekster

For tekster på norsk er dei mest relevante parentes-variantane:

{xxx} **Rund parentes** (engelsk «parentheses» eller «round brackets») blir nytta til forklarande innskot i tekster.

[xxx] **Hakeparentes**, òg kalla skarpe klammer (engelsk «square brackets» eller «box brackets»), blir brukt ved eigne (redaksjonelle) tillegg i sitat eller tekster andre har skrivne, og til «parentes-i-parentes».

{xxx} **Sløyfeparentes** (engelsk «curly brackets» eller «braces») blir brukt ved «parentes-i-parentes-i-parentes» og ofte i tabellar, men elles lite i tekster på norsk. Men ein ser at sløyfeparentes iblant blir vald på grunn av den dekorative verk-naden.

Parentes-i-parentes

Ved «parentes-i-parentes» er {xxx [xxx] xxx} den normale rekkjefølgja:

De tre områdene (Sør-Rhodesia [Zimbabwe], Nord-Rhodesia [Zambia] og Nyasaland [Malawi]) ble slått sammen.

Ved «parentes-i-parentes-i-parentes» kjem sløyfeparentesen i bruk som ytre teikn.

Den normale rekkjefølgja er:

{xxx {xxx [xxx] xxx} xxx}.

Innskot i tekster andre har skrivne

Hakeparentes blir nytta til merknader i sitat eller tekster andre har skrivne:

«Banen [Nordlandsbanen] blei fullført i 1962.»

Her står ei forklaring inne i eit sitat. Hakeparentesen fortel at «Nordlandsbanen» ikkje er ein del av sitatet. Rund parentes skal ikkje nyttast i slike tilfelle.

Dersom det blir det gjort kompletteringar i sitat, skal tilføyningane stå i hakeparentes:

N[ygaardsvold] fortalte at K[oh]t ville trekke seg.

Hakeparentes blir òg nytta i sitat for å markere at ein har endra stor bokstav til liten:

Han skriv at «[p]ersonene blev paaraabt men mødte ikke».

Hakeparentesen fortel at versal «P» i sitatet er endra til minuskel «p».

Utelatingsteikn

For å markere at noko er utelate i teksten, nyttar ein ellipseteikn (utelatingsteikn):

– **Det var då som berre f...!**

Dersom det som er utelate (som i dømet ovanfor), er ein del av eit ord, skal ellipsen setjast inntil bokstaven framfor. Dersom det som er utelate, er eit heilt eller fleire ord, skal det nyttast ordmellomrom:

– **Det var då som berre ...!**

På norsk og dei fleste andre språk har ellipseteiknet **alltid** tre punktum, aldri fire eller fleire. Dette blir det stadig oftare synda mot.

Dei fleste skriftsnitta har det spesielle ellipseteiknet. Men dersom ein nyttar tre punktum, er det viktig å vere merksam på at det ikkje skal vere ordmellomrom mellom punktuma. Derimot bør ein av visuelle grunnar auke avstanden mellom dei ved å sperre.

Utelatingsteikn i sitat skal stå i hakeparentes:

«I Ildebranden bleve opbrændte [...]

Tycho Brahes Instrumenter.»

Her står ellipseteiknet i hakeparentes for å markere at delar av det opphavlege sitatet er redigert bort.

Det står det!

Mang ein velmeinande korrekturlesar, språk-vaskar eller typograf har gjennom tidene tabba seg ut og gjort rettingar fordi han/hø ikkje kjende rekkjevidda av omgrepet «sic».

Ordet «sic» (latin «slik») fortel at det som står, er autentisk. Det blir nytta for å markere ord eller uttrykk som er feil, tvilsame, latterlege eller spesielle (og som difor heller ikkje skal rettast i korrektoren!). I regelen blir «sic» sett i hakeparentes (ikkje rund parentes) og iblant med ropeteikn:

«Iddioter [sic] hele gjengen!»

Knud Olsen 118 år [sic!]

Rogalendingen [sic] Kåre Valebrokk sa nei.

I det første tilfellet viser «sic» til ikkje-normert skrivemåte (som ikkje skal rettast) og i det andre tilfellet til at alderen truleg er oppskrytt. I det tredje tilfellet er det ei markering av at ein sørlending frå Vest-Agder feilaktig blir kalla rogalending.

Ut frå ein gammal konvensjon som seier at latinske ord i ein tekst skal setjast med kursiv, er det vanleg å setje ordet «sic» kursiv.

Altså: Ord eller uttrykk som blir følgde av «sic» skal ein ikkje rette – om det då ikkje står «sic?» med spørjeteikn.

Er dette rett?

Står det «[sic?]

, blir meininga ei anna. Spørje teiknet fortel at den som skriv, er usikker og ønskjer hjelp av ein språkvasar, korrekturlesar eller typograf for å finne den korrekte skrivemåten:

Theo Korisinsky [sic?] var leder i Sosialistisk Venstreparti fra 1984 til 1988 [sic?].

Her er den som skriv, i tvil om skrivemåten av namnet til den tidlegare SV-leiaren (som ofte ser namnet sitt feil på trykk) og om årstala er rette. Her er det fritt fram for å rette både namn og årstal:

Theo Koritzinsky var leder i Sosialistisk Venstreparti fra 1983 til 1987.

Altså: «[sic?]

 med spørjeteikn fortel at den som skriv ønskjer hjelp. «[sic?] må aldri komme på trykk – bortsett frå i spaltar som denne.

n 1. Courts in which judicial power of the State shall be vested [sic] Court, Circuits [sic] Court me [sic] Court, which shall be Courts of Rec

Den amerikanske grunnlova nyttar stort sett den same rettskrivinga i dag som i Philadelphia i 1787. Mange ord har difor ein gammalmodig skrivemåte som avvik frå moderne amerikansk rettskriving. Arkaiske ord blir markerte med «[sic]».